

Kultur for samfunnsutvikling



Ei god samfunnsutvikling for alle, med livskvalitet, aktivitet, møteplasser, innovasjon og attraktivitet.

Forord

Verda er i endring. Ytringsfridomen og dei demokratiske verdiane er under press mange steder, også i Europa. I ei slik tid er kunst og kultur viktigare enn nokon gong. Kultur er avgjerande for demokrati, ytringsfridom, fellesskap og livskvalitet.

Visjon

Kultur for samfunnsutvikling

Samandrag

Målet med kulturplanen er at Ålesund skal ha eit aktivt, mangfaldig og inkluderande kulturliv for alle. Kultur skal bidra til livskvalitet, møteplassar, deltaking, kreativitet og attraktivitet i heile kommunen.

Planen har fem satsingsområde: (ikkje prioritert)

- **Kultur som verdiskaping**
- **Studentbyen Ålesund**
- **Kultur som identitet og attraktivitet**
- **Kultur for heile livet**
- **Attraktive lokalsamfunn**

Desse prioriteringane skal ligge til grunn for kommunen sitt arbeid med kultur gjennom planperioden og bli følgfast opp gjennom eigne strategiar og handlingsplanar.

Kommunen er en tydeleg eigar. Vi har ansvar for den kulturelle grunnmuren, kulturskulen, biblioteka, ungdomsklubbane og kulturhusa våre.

Gjennom en god eigarstrategi og målretta tilskotsordningar skal vi sørge for at institusjonane våre står sterkt

Samtidig skal kommunen vere ein tilretteleggjar. Vi skal bidra til at kunstnarar, frivillige, lag og organisasjonar får gode vilkår for å skape, delta og samarbeide..

Men vi gjer ikkje dette åleine. Kultur blir best når han blir skapt i fellesskap. Derfor er samarbeid med andre aktørar heilt avgjerande.

Museum, kulturaktørar, næringsliv, frivillig sektor, ungdomsråd og eldreråd sit på kunnskap og ressursar som gjer kulturlivet sterkare. Kommunen si rolle er å vere ein god samarbeidspartnar som inviterer inn og byggjer nettverk.

Vi skal bli betre på intern koordinering. Kulturpolitikken går på tvers av kommunale verksemdar. Skal vi lykkeast, må vi jobbe saman, ha tydelege rolleavklaringar og sørge for at kulturperspektivet blir teke med i alle delar av samfunnsutviklinga.

Leserettleiing

Dette er papirversjonen av kulturplanen. Han er kort og handlingsretta. I kommunen sitt planverktøy Framsikt finn du den digitale planen, bakgrunnsstoff og utfyllande informasjon om kultur i Ålesund. www.framsikt.n

Bakgrunn

Dette er den første samla kulturplanen for nye Ålesund kommune. Planen byggjer på erfaringea frå tidlegare kommunar, innspel frå kulturlivet og medverknad frå innbyggjarar og aktørar i kommunen.

Planen viser korleis kultur både har eigenverdi og er en viktig del av samfunnsutviklinga.

Planen skal være kommunestyret sitt politiske styringsdokument for utviklinga av kulturfeltet i Ålesund kommune. Han skal vere enkel å bruke for politikarar, administrasjonen og innbyggjarane.

Planen er grunnlaget for årlege prioriteringar i budsjettarbeidet og skal ha tydelege mål, strategiar og tiltak for å nå måla i planperioden 2026-2028

Kulturplanen skal bygge på følgjande strategiske prinsipp for kulturutvikling

1. Kultur for heile livet

- Kultur skal være tilgjengeleg for alle.
- Barn og unge skal ha gode kultur- og fritidstilbod.
- Deltaking styrkjer livskvalitet, fellesskap og helse.

2. Attraktive lokalsamfunn

- Kultur skaper levende bygder og bydelar.
- Møteplassar og aktivitet skal utviklast i heile kommunen.
- Frivilligheita er ein berebjelke i lokalsamfunna.

3. Studentbyen Ålesund

- Kultur skal bidra til at studentar trivst og blir verande i regionen.
- Samarbeidet mellom NTNU, studentmiljø og kulturliv skal styrkast.
- Studentane skal vere en aktiv del av by- og kulturlivet.

4. Kultur som identitet og attraktivitet

- Kulturarv, språk og historie skal styrke identiteten til Ålesund.
- Kunst og kultur skal vere ein del av samfunnsutviklinga.
- Ålesund skal vere den naturlege møteplassen for kultur på Nordvestlandet.

5. Kultur som verdiskaping

- Kultur bidreg til næringsutvikling og reiseliv.
- Kommunen skal støtte utvikling av kulturnæringar.
- Ålesund skal arbeide aktivt for å hente eksterne kulturmidlar.

Mål og strategiar

Planen har som mål å sikre deltaking, kvalitet og tilgjenge i kulturlivet, utvikle gode arenaer i heile kommunen og styrke Ålesund som attraktiv kommune og regional kulturmotor. Strategiane handlar om samarbeid, betre infrastruktur, universell utforming, støtte til frivillige og profesjonelle aktørar, og tettare kopling mellom kultur og samfunnsutvikling.

Handlingsplan 2026–2030 - Satsingsområde

1. Kultur heile livet

1.1 Styrke biblioteka som møteplassar

Utvikle biblioteka som arenaer for debatt, litteratur, læring og møte mellom generasjonar.

1.2. Gjere det enklare å delta

- Gå gjennom ordningar som reduserer økonomiske barrierar for barn og unge.
- Synleggjere fritidskort, ledsagarordning og andre støtteordningar betre.
- Kultur skal være tilgjengeleg for alle uansett alder og funksjonsnivå.

1.3. Styrke ungdomstilboda

- Sikre opne møteplassar for ungdom i heile kommunen.
- Utvikle samarbeid mellom ungdomsmiljø, frivilligheit og kulturliv.

1.4 Styrke tilboda til eldre

- Sikre at eldre får meningsfulle kulturopplevingar, sosial deltaking og aktivitet som fremjar livskvalitet og fellesskap.

1.5. Styrke kulturskolen

- Ny lokalitet for kulturskolen på Sørsida.
- Mål om å styrke den økonomiske ramma.

2 Attraktive lokalsamfunn

2.1. Kartleggje kulturarenaer og møteplassar

- Lage samla digital oversikt over kulturhus, samfunnshus, øvingslokale og aktivitetsarenaer og gjere kapasiteten offentleg.

2.2. Gjere kommunale bygg meir tilgjengelege

- Legge til rette for sambruk av skular, kulturbygg og offentlege lokale.

2.3. Støtte lokale møteplassar

- Prioritere kulturaktivitet som styrkjer levande lokalsamfunn i heile Ålesund.

3 Studentbyen Ålesund

3.1. Student og kultur

- Etablere fast samarbeid mellom kommune, NTNU, studentmiljø og kulturliv.
- Etablere studentforum i regi av ÅK (NTNU-fagskole/vidaregående)

3.2. Student i byen

- Arbeide for fleire studentretta kulturarrangement og møteplassar i sentrum.
- Leggje til rette for studentdrivne initiativ og festivalar.
- Etablere studentfond – i samarbeid med næringslivet.

3.3. Behalde kompetansen

- Knytte kulturtilbod tettare til arbeidet med å få studentar til å busette seg i regionen etter ferdig utdanning.
- Legge til rette for kommunal traineeprogram for studentar.

4 Kultur som identitet og attraktivitet

4.1. Kulturarv og identitet

- Synliggjere Jugendbyen, kystkulturen/fjordkulturen og den sunnmørske kulturarven betre.

4.2. Kunst og kultur i stadsutvikling

- Bruke kunst og kultur aktivt i sentrumsutvikling.

4.3. Regional møteplass

- Arbeide for at Ålesund er vertskap for større kulturarrangement med regional betyding.

5 Kultur som verdiskaping

5.1 Festivalstrategi

- Utarbeide egen strategi for festivalar og arrangement i samarbeid med arrangørane.

5.2 Kulturnæringar

- Utarbeide strategi for profesjonell kunst, kulturnæringar og kreative arbeidsplassar.
- Dette arbeidet skal organiserast via Kulturrådet eller andre organ.

5.3 Ekstern finansiering

- Etablere sterkare samarbeid for å hente statlege, regionale og private kulturmidlar til Ålesund.

Handlingsprogram - Tiltak 2026-2029

Handlingsprogrammet er dei tiltaka som kommunen skal gjennomføre i nær framtid. Det første handlingsprogrammet i planen gjelder for 2026 – 2029.

Handlingsprogrammet blir rullert årleg, i samband med at vi lagar nytt årsbudsjett.

Her blir gjennomførte tiltak tatt ut, nye tiltak kjem inn og finansiering av dei tiltaka som treng det, blir sett av i budsjettet.

Tiltaka er prioritert for å oppfylle måla og strategiane i planen.

Årstala i tabellen viser til når arbeidet med tiltaket vert sett i gang.

1 Kultur for heile livet:

Tiltak	Spesifisering	2026	2027	2028	2029
Styrke biblioteka som møteplassar	Utvikle biblioteka som arenaer for debatt, litteratur, læring og møter mellom generasjonar. Moa bibliotek synleggjerast betre for eldre.	x	x	x	x
Gjere det enklare å delta	Gjennomgå ordningar som reduserer økonomiske barrierar for barn og unge. Synleggjere fritidskort, ledsagarordning og andre støtteordningar betre. Friskus må synleggjerast betre.	x	x	x	x

Styrke ungdomstilboda	Sikre opne møteplassar for ungdom i hele kommunen. Utvikle samarbeid mellom ungdomsmiljø, frivilligheit og kulturliv, og involvere ungdom i utviklinga av tilboda.	x	x	x	x
Gjere det enklare å drive frivilleg kulturarbeid/ fritids tilbod.	Forenkle kommunale tilskotsordningar og informasjon om støtte. Etablere faste møtepunkt med kulturfrivilligheita og legge til rette for enkel og føreseieleg tilgang til kommunale lokale. Se på moglegheit for fritak/reduksjon av kommunale gebyr.	x	x	x	x

2 Attraktive lokalsamfunn:

Tiltak	Spesifisering	2026	2027	2028	2029
Kartlegge kulturarenaer og møteplassar	Lage en samla og digital oversikt over kulturhus, samfunnshus, øvingslokale og aktivitetsarenaer. Kartlegge kapasitet, tilgjengelegheit og behov. Kulturbygg skal haldast i forsvarleg og god stand slik at dei kan ivareta sin funksjon og sikre tryggleiken for brukarane.		x		
Bruke det vi har betre	Legge til rette for meir sambruk av skoler, kulturbygg og andre kommunale lokale. Utarbeide enkle og einsarta retningslinjer for bruk. Betre bruk av eksisterande bygg skal vurderast før etablering av nye kommunale kulturarenaer.	x	x	x	x
Styrke møteplassar i lokalsamfunna	Prioritere kulturaktivitet som bidreg til levande lokalsamfunn og lokal tilhøyrslse. Stimulere til samarbeid mellom frivilligheita, lokale kulturaktørar og				

	eksisterande møteplassar. Arbeide for god tilgang til kulturtilbod i heile kommunen utan at alle tilbod nødvendigvis må etablerast overalt.				
Kulturskolen	Vidareutvikle kulturskolen som ein inkluderande og attraktiv arena for kunst- og kulturutøving.				

3 Studentbyen Ålesund:

Tiltak	Spesifisering	2026	2027	2028	2029
Etablere studentfond i samarbeid med lokalt næringsliv	Kr 200 000 settast av til årleg studentfond som studentorganisasjonar kan søke på. Ålesund kommune skal etablere eit studentfond i samarbeid med næringslivet og utdanningsinstitusjonane. Fondet skal stimulere til innovasjon, kompetanseutvikling og rekruttering, innan kultursektoren gjennom støtte til studentprosjekt, praksisordningar og entreprenørskap.		x		
Etablere studentforum	NTNU/Fagskole/Vidaregåande.			x	
Traineeprogram	Legge til rette for å kunne tilby arbeidserfaring innan kultursektoren som t.d. sommarjobbar, festivaljobbar innan kunst, teater , konserter og film.		x		
Studentbustader	Arbeide for fleire studentbustader ved å stille tomter til disposisjon.		x		
Studentmelding	Kvart 2. år. Status på studentundersøkingar og kva som gjort.		x		

4 Kultur som identitet og attraktivitet

Tiltak	Spesifisering	2026	2027	2028	2029
--------	---------------	------	------	------	------

Jugendbyen	Jugendstilkvartalet, utgreie i dette i samarbeid med VITI og nasjonal/regional kulturminnemynde.				
Kystkulturen og fjordkulturen	Gjestebrygger, maritime møteplassar, matkultur (<i>Sunnmørsånd</i>), maritime tradisjonar. Ta vare på og styrke kyst- og fjordkulturen som en viktig del av Ålesund sin identitet og kulturarv.		x	x	
Region møteplass	Arbeide for at Ålesund er vertskap for større kulturarrangement		x		
Ålesund kommune skal støtte opp om institusjonane som tar vare på kulturarven vår, gjennom driftstilskott og avtaler om samfinansiering med region og stat.					
Musea	Styrke samarbeidet mellom musea i Ålesund for å utvikle felles prosjekter, dele kompetanse og gjere kulturarven meir tilgjengeleg for innbyggjarane.				

5 Kultur som verdiskaping:

Tiltak	Spesifisering	2026	2027	2028	2029
Utarbeide festivalstrategi	Utarbeide ein egen strategi for festivalar og arrangement i samarbeid med arrangørane. Strategien skal avklare kommunen si rolle, kva for		x		

	nokon satsingar kommunen vil prioritere og korleis kommunens bidrag skal innrettast.				
Styrke kulturnæringane	Utarbeide ein strategi for profesjonell kunst, kulturnæringar og kreative arbeidsplassar. Kartlegge barrierar for etablering og utvikling, mellom anna lokaler, nettverk og finansiering.		x		
Organisere samarbeid om kulturnæringar	Ha mål om å gi tilskot til ein 20% stillingsressurs i Ålesund Kulturråd for å starta arbeidet med å samle kulturen. Ønske om å samle all aktivitet i råda i ein organisasjon.		x		
Hente meir ekstern kulturfinansiering til Ålesund	Bygge kompetanse og samarbeid for å hente meir statleg, fylkeskommunal og privat finansiering til kulturprosjekt i Ålesund.		x	x	x
Kommunen som dørøpnar	Kommunen skal vere ein aktiv samarbeidspartnar for lokale kulturaktørar mot statlege og regionale støtteordningar, stiftingar, næringsliv og andre private finansieringskjelder.				
Bruke kommunale midlar til å utløyse meir finansiering	Kommunale bidrag skal der det er føremålsteileg brukast strategisk som eigenandel eller medfinansiering for å utløyse større eksterne bidrag.				
Styrke samarbeid mellom kultur og næringsliv	Utvikle partnerskap mellom kommune, kulturliv og næringsliv om finansiering og gjennomføring av prioriterte kulturprosjekt og arrangement.				

Kommunale satsningar, prosjekt og tiltak.

Kommunale satsingar, prosjekt og tiltak

Tiltak	Spesifisering	2026	2027	2028
Kultur skal vere ein del av ein kommunal beredskapsplan der ein avklarar korleis ein sikrar våre viktigaste kulturverdiar ved ei ev. krise eller katastrofe.	Kartlegge kulturverdiar		x	X
Ålesund skal ta initiativ til eit samarbeid med nabokommunane for å oppretthalde eit seniortilbod som erstatning for Den kulturelle spaserstokken		X		
Kunst i offentlege rom og bygg (i kommunal eige) skal bli en del av kommunens eigendomsstrategi.	Sette i gang arbeid med registrering, tilgjengelegging og forvaltning av kunst.	X		
Kunstlandskap Ålesund 2030 blir gjennomført med kunst i offentlege rom i fleire delar av kommunen.			x	x
Krigsminne i Ålesund, registrere og gjere desse tilgjengelege.		X		
Kommunen skal sikre at begge språk blir brukt i kultursektoren gjennom eit godt kulturtilbod på nynorsk i DKS og i biblioteka våre.		x	x	x